


TFAH

TIDSSKRIFT FOR
ARBEIDERBEVEGELSENS HISTORIE

nr. 1 — 1983

ARBEIDLSSLØSHET



Ingar Kaldal

Foreiningar av arbeidslause i mellomkrigstida

I dei 20 åra med krise i mellomkrigstida varierte arbeidsløysa frå å omfatte omtrent kvar femte til kvar tredje arbeidar. Når dei arbeidslause vart så mange, fekk dei naturlegvis snart behov for å komme saman og snakke om tilhøva. Derfor vart møter haldne og etter kvart foreiningar stifta. Såleis vaks det fram ei organisert rørsle av arbeidslause som mange stader kom til å leve like lenge som arbeidsløysa. Her er meininga å gjere noen streifstog i historia til denne rørsla. Framstillinga vil bli prega av at ein enno veit lite om emnet, men noen lokale undersøkingar har likevel litt å fortelje. Eg vil fokusere på korleis foreiningane vaks fram, korleis dei prøvde å få fram interessene sine og kva for tilhøve dei fekk til den etablerte arbeidarrørsla.

1. Framveksten i 1920-åra

Etter å ha gått igjennom ein del lokale arbeidaraviser frå åra 1920 – 23, sit eg att med det inntrykket at foreningsaktiviteten til dei arbeidslause fekk nokså ulik start frå stad til stad. I det heile var verksemda under den første etterkrigskrisa prega av spontane tiltak, lause organisasjonsformer, lite stabilitet og varierande suksess.

Dei første initiativa

Alt på etterjulsvinteren 1920 vart dei første møta for arbeidslause haldne på Røros og i Harstad¹. Grunnen var den tidelege krisa i gruvene og fiskerinæringa. Desse møta førte likevel ikkje til at det vart

stifta foreiningar. På Røros var det Arbeidarpartiet som kalla sammen dei arbeidslause for å sjå kor mange dei var, og for å drøfte utvegar til sysselsetting². Det varierte kven som sto som formell arrangør av dei første møta. Mest vanleg var det at den lokale samorganisasjonen tok initiativet. Men det hende og at partilag eller fagforeiningar sto bak³.

Det er vanskeleg å seie noe om i kor stor grad dei arbeidslause sjølve aktiviserte seg for å få i stand møter. Avisene skreiv lite om det. Eit unnatak var Tidens Tegn i Kristiansund som fleire gonger nemnde at arbeidslause der hadde pressa på. Dei hadde t.o.m. sendt deputasjon til Samorg for å få i stand møte⁴. I Oslo kom det første initiativet frå dei arbeidslause i Bokbindarforeininga. Arvid Johannessen, som har skrive hovudfagoppgåve om arbeidslauseforeiningane i Oslo, legg stor vekt på at dei arbeidslause der var ivrige drivkrefter bak organiseringa i heile mellomkrigstida⁵. I Sarpsborg var det nødsarbeidarane som først danna foreining⁶. Dei arbeidslause kunne altså spele ei ganske aktiv rolle i organiseringa enkelte stader. Likevel vart det dei fleste stadene ikkje til noe stabilt og varig foreningsliv under den første krisa i 20-åra.

Ujamn aktivitet

I Skien vart det danna foreining i mars 1921. Etterpå kunne ein lese i avisene at Samorganisasjonen heldt fleire møter. Neste vinter vart ei ny foreining stifta. Den første foreininga må altså ha gått til grunne. Det same skjedde i Porsgrunn. Etter eit organiseringsforsøk i 1921 heldt parti og fagrørsle ein del møter for arbeidslause. Det er uvisst om det vart stifta ny foreining der før i 30-åra⁷. Sjølv i Kristiansund, der dei arbeidslause sjølve hadde vist initiativ, gjekk det tungt den første tida. Det vart stifta foreining den andre krisevinteren etter at Samorg hadde halde fleire møter. Men denne foreininga må fort ha sovna inn, for neste vinter kalla Arbeidarpartiet saman til nytt møte kor det vart danna ny foreining⁸. I Odda vart den første foreininga til i januar 1921, men neste vinter sto det å lese i arbeideravisa der at Samorganisasjonen hadde teke over verksemda til foreininga. Ulike kjelder fortel at det seinare vart stifta nye foreiningar i Odda både i 1924, 1927 og tidleg i 30-åra, så der må det ha vore vanskeleg å få til kontinuitet i arbeidet⁹.

Kva var årsaka til denne ustabiliteten? I Odda var grunnen, ifølge Hardanger Social-Demokrat, at så mange arbeidslause hadde flytta frå staden etter at fabrikkane stoppa. I Kristiansund vart det sagt at feil folk var valde til å leie den første foreininga¹⁰. Men den årsaka som truleg verka dei fleste stadene, må ha vore den som Svein Syversen peker på for Sarpsborg. Der som elles i landet gjekk arbeidsløysa noe tilbake etter dei to – tre første kriseara – før det kom nye kriser. Dette må ha gjort at *behovet* dei arbeidslause følte for å organisere seg, svinga. Først i 1926 – etter at arbeidsløysa på ny vart verre – vart det stifta ny foreining i Sarpsborg¹¹.

Noe anna som kan ha hemma jamn aktivitet, kan vere at dei arbeidslause enno i 1921 – 22 neppe rekna med at krisa ville vare lenge. Det er naturleg at ein ikkje organiserer seg mot noe ein ventar vil forsvinne fort – og det håpa ein nok i det lengste at arbeidsløysa skulle gjere. All foreningsaktivitet har også ein tendens til å stagnere om sommaren. Det gjaldt sannsynlegvis særleg for foreiningane til dei arbeidslause, fordi arbeidsløysa som regel minka ut over våren og sommaren. Da steig håpet om å få arbeid. Det er difor ikkje rart at fleire foreiningar måtte byggast opp på ny når hausten kom og det viste seg at arbeidsløysa vart ti gonger verre enn ein hadde håpa.

Variasjonane i krisa må altså ta mye av skylda for at foreiningane fekk eit ustabilt liv i 20-åra. Men det må og nemnast at arbeidarrørsla sentralt stilte seg nokså passiv til organiseringa av dei arbeidslause tidleg i 20-åra. Det skulle endre seg seinare.

Eg trur ikkje det er rett å tillegge desse brokete foreningsforholda i 20-åra avgjerande vekt når ein skal vurdere evnen dei arbeidslause hadde til å aktivisere seg. Vi må hugse på at dei fleste stadene vart det haldne møter for arbeidslause anten det eksisterte foreining eller ikkje. Og skal ein tru avisene, vart møta godt besøkt: 300 av 700 arbeidslause på eit møte i Fredrikstad, i Kristiansund møtte 500 kvinner og menn i ei tid da 875 gjekk utan arbeid i byen, 150 av 340 arbeidslause var på eit møte i Tromsø, og på Namsos 150 av 200. I foreiningane var oppslutninga også god: 120 medlemmar på Hamar og 100 i Porsgrunn. På Røros vart 80 % av dei arbeidslause med¹². Sjøl om desse tala frå dei første 20-åra bygger avisene og må brukast forsiktig, tyder dei på at det var jamnt god interesse blant dei arbeidslause for å gå på møte.

2. Frå møte til handling

Kva formål dei arbeidslause hadde med å gå på møte og å organisere seg, kan venteleg til ein viss grad lesast ut av den verksemda dei dreiv. Det uttalde formålet var å «samle alle arbeidsløse (...) til fælles optræden (og) å fremsette krav til offentlige og kommunale myndigheter om arbeid eller underhold». ¹³ Arbeidsløysetrygd fantes ikkje enno. Noe annleis var motivet til nødsarbeidarane når dei organiserte seg. Dei ville ha meir lønn og helst behalde det arbeidet dei hadde fått. Verksemda deira vart meir lik vanleg fagforeningsarbeid.

Resolusjonar

Møta til dei arbeidslause vedtok nesten alltid resolusjonar med krav til styresmaktene. Ofte bad dei om løyvingar til eit spesielt arbeid som ein visste det var behov for å utføra. Det kunne vere ein vegstump, eit kommunalt kraftverk, jernbanebygging eller boligbygging, og for dette kravde dei ofte bestemte lønnssatsar. Noen stader var ein prinsippfast og forlangte tarifflønn, andre stader bad ein om meir beskjedne lønnstillegg. Den offentlege arbeidspolitikken gjekk ut på at nødsarbeid skulle betalast langt under vanleg lønn.

Resolusjonane inneheldt ofte krav om at arbeidslause og nødsarbeidarar måtte sleppe skatt eller få den redusert. Før jul var det årvisst å be kommunen løyve litt ekstra til julebidrag, og om vinteren bad ein om stønad til lys og brensel. Dette er berre noen eksempel på korleis resolusjonane var via konkrete ønske om litt hjelp mot nøden som etterkvart herja mange av dei arbeidslause sine hei-mar¹⁵.

Demonstrasjonar

Til å framføre krava i kommunestyra valde ein ofte ein deputasjon av arbeidslause til å møte fram og overrekke «ønskelista» til dei folkevalde. Skulle det settast ein ekstra puff bak krava, heldt dei arbeidslause gjerne ein demonstrasjon utanfor kommunestyrelokalet. Det gjorde dei og utanfor Stortinget. Under åpninga av Stortinget i 1922 tok representantane til Arbeidarpartiet heller del i ein slik demonstrasjon enn å vere med på seremonien. Kongen vart møtt av

arbeidslause som song Internasjonalen da han kom til den høgtidelege åpninga¹⁶.

I dei verste kriseåra dominerte dei arbeidslause og krava deira også 1. mai-toga. Ein arbeidar frå Røros fortel i ettertid om 1. maifeiringa i kriseåra: «De arbeidsløse slutta opp og fann sin plass i toget. Det var full oppslutning på Røros». Over Røros gjekk og den såkalte «hungermarsjen» sommaren 1932 frå Trondheim til Oslo. Mange arbeidslause slutta seg til marsjen undervegs¹⁷.

Ei meir aktiv og effektfull form for demonstrasjon var å møte opp i kommunestyret for å høre på når arbeidsløysetiltak vart debatterte. I Stange på Hedmark møtte ein gong 80 arbeidslause opp på eit møte, og i 1923 rydda politiet galleriet i bystyresalen i Oslo for arbeidslause som demonstrerte¹⁸. Dette var pressmiddel som kunne påverke dei som sat og løyva pengar til arbeid og bidrag.

Det vart ofte ytra misnøye med resultata av resolusjonane. Det var heller ikkje alltid deputasjonane frå dei arbeidslause fekk komme inn og legge fram krava sine for dei folkevalde¹⁹. Og i regelen vart nok krava berre i liten grad oppfylte. Noen begynte å sjå seg om etter alternativ til «resolusjonsvegen». Frå eit møte av arbeidslause i Skien heitte det at «Flertallet av møtets deltagere indsa det haapløse i at sende resolusjoner til borgerskapets lakeier i formandsskapet, og ingen resolusjon blev indsendt»²⁰. På leiarplass i Tidens Krav i Kristiansund stilte redaktøren spørsmål om det var noen vits i å «Vedta nye resolusjoner og bønner (...) som ingen kan leve av». På det neste møtet av arbeidslause i byen vart det sagt at dei som enno sto i arbeid måtte handle – dei arbeidslause sjølve var ikkje i stand til å aksjonere²¹. Leitinga etter nye veger var altså ikkje lett, ser det ut for.

«Sterkere midler»?

I Fredrikstad var mange utolemodige og i 1921 var det ein god del diskusjon mellom dei arbeidslause der om alternative handlemåtar. Noen meinte at ein skulle slutte med «ydmyke henstillingar og bønskrifter» og heller ty til «sterkere midler». Arbeidarane burde nekte å forlate fabrikkane når produksjonen vart stansa – m.a.o. okkupere dei og sjøl sette dei igong att. Det vart og ymta om at dei arbeidslause måtte «ta maten der den var» – dvs. plyndre butik-

kane. Andre var meir forsiktige. Dei åtvara mot overilte handlingar og ville «holde sig indenfor parlamentarismens ramme». Vi ser at utolmoda og skepsisen til resolusjonsvegen ikkje automatisk munna ut i nye aksjonsalternativ for dei arbeidslause. Både i Kristiansund og Fredrikstad var det *dei som enno sto i arbeid* som vart bedt om å gjere noe. Derfor foreslo dei arbeidslause på møter i Fredrikstad å kalle inn ein ekstraordinær LO-kongress og vedta *generalstreik* mot oppseiingane²². For seg sjølve ser det ikkje ut til at dei fann aksjonsmåtar som erstatta resolusjonsvegen. Denne rådløysa skein tydeleg igjennom hos ein radikal innleiar på eit møte i Kristiansund i 1923 da han sa: «De arbeidsløse (...) maa gaa til handling. Hvorledes avhenger av forholdene. Det er ikke min sak aa trekke op linjerne her. Jeg peker kun paa den bydende nødvendig-
het»²³.

Dei arbeidslause sakna ein strategisk posisjon i arbeidsmarknaden å sette inn som ressurs i aksjonar. Til tross for denne makte-
løysa gjennomførte dei ein del aksjonar. Men desse vart til meir som *spontane* uttrykk for harme enn som direkte resultat av dis-
kusjonane om resolusjonsvegen.

I tillegg til dei nemnde demonstrasjonane overfor kommunestyra var «gatepromenade i flokk og følge i byens strøk» ein måte å vise borgarar og makthavarar at dei arbeidslause var mange og nøden stor. Slik demonstrativ massepromenade kunne gi særleg god effekt om han vart gjennomført i borgarskapet si «promenade-
tid» på Karl Johan²⁴. Men denne aksjonsforma vart neppe særleg utbreidd.

Det vart heller ikkje den meir drastiske framgangsmåten som gjekk ut på å gå i butikken og forsyne seg med mat utan å betale. I 1921 gjekk noen arbeidslause i Kristiansund og kjøpte mat på kommunen si rekning – og vart straffa for det. I Kirkenes vart ein brødbutikk storma i 1932. Ut over dette er det ikkje kjend om fleire slike aksjonar vart gjennomførte²⁵. Men berre det å *true* med slikt skremte nok politikarane. Og det gjorde ein fleire stader²⁶.

Den aksjonsforma som vart *nest bruk* attåt vanlege demonstrasjonar, var å gå i samla flokk til fattigkontoret og kreve underhald. Med det ville ein presse styresmaktene til å yte meir til dei arbeidslause. På Hadeland vart det løyvd 400 000 kr til nødsarbeid etter ein slik aksjon²⁷. Bakgrunnen for desse aksjonane var at noen bor-

garlege politikarar – m.a. Gunnar Knudsen – hadde møtt dei arbeidslause med det svaret at dei fekk gå til fattigkassa viss dei svalt²⁸. Fleire stader bestemte dei arbeidslause seg for å ta slike politikarar på ordet. Samstundes unngjekk ein ved å gå samla til fattigkontoret, den nedverdigande kjensla det medførte å gå ein og ein og be om fattigstønad. Eg har funne ut at slike fattigkasseaksjonar tidleg i 20-åra vart gjennomførte i Drammen, Skien (der møtte 500 hos fattigforstandaren!), Vang på Hedmark (150 var med), Trondheim, Stavanger, Ålen (57 deltok) og Notodden. Truleg finn ein fleire eksempel på slike aksjonar om ein leiter meir²⁹.

Fattigkasseaksjonane var spontane uttrykk for den harme det vekte når arbeidsløysa vart behandla som ei sak for fattigstellet. Når arbeidslause slik følte seg trampa på, ser det ut til at dei og var i stand til å aksjonere.

Andre slags aksjonar vart og sett i gong her og der. Ein av dei bør nemnast fordi han fekk konsekvensar for tilhøvet mellom foreininga til dei arbeidslause og fagrørsla i Oslo. I 1926 vart det sett igong boikott av ein barbermeister, Nullmeyer, fordi han som bystyrerrepresentant for eit kristeleg fråhaldsparti hadde seti i vippeposisjon og hindra gjennomføringa av eit krav frå dei arbeidslause. Barbermeisteren hadde attpåtil uorganiserte arbeidarar hos seg. Men da han etter mekling gjekk med på å ta inn fagorganiserte i arbeid, bestemte Oslo Samorganisasjon seg for å oppheve boikotten. Dette vekte harme i foreininga til dei arbeidslause som ville fortsette aksjonen. Denne «Nullmeyeraksjonen» var med på å skape usemjø mellom arbeidslauseforeininga og fagrørsla i Oslo³⁰. Korleis det forholdet utvikla seg skal eg komme tilbake til.

Hjelpearbeid

Mye av foreningsaktiviteten til dei arbeidslause gjekk og ut på å drive hjelpearbeid for å skaffe dei verst stilte litt lette i armoda.

Skepsisen til private innsamlingsaksjonar var gammal i arbeidarrørsla. Den borgarlege filantropien meinte ein å ha gjort opp med sist på forrige århundret. Likevel kom både foreiningane til dei arbeidslause og resten av arbeidarrørsla til å sette igong slike innsamlingsaksjonar til hjelp for dei nødlidande under krisa³¹. Få fann noe gale i det. Mange såg kan hende slik hjelp meir som solidaritets-



handlingar overfor kameratar i nød enn som borgarleg humanisme ovanifrå.

I Odda var det slik i 1921 at foreininga til dei arbeidslause skulle stå for «aftenunderholdning» for å få inn pengar. Den meir kamporienterte aktiviteten fekk Samorganisasjonen ta seg av – som t.d. å arrangere ein demonstrasjon mot krisa under storstreiken i 1921. Da arbeidslauseforeininga døydde vekk, tok Samorganisasjonen over hjelpearbeidet og³².

Det vart på same tid sett ned ein «situasjonskomite» i Odda av arbeidslause og fagforeningsfolk. Den skulle «skaffe dem som er rammet av arbeidsløshetens svøpe livsfornødenheter til rimelige priser»²². Det må bety at det skulle settast igong eigen vareformidling til dei arbeidslause. Om det vart noe av det i Odda veit ein ikkje. I Sarpsborg vart det i alle fall drive slik vareformidling. I



Kø utenfor Arbeidsløses Kafe i Rødfyllgata i Oslo

Ved siden av arbeidskontorene, arbeiderbevegelsens foreninger og gatehjørnene var kafeer for arbeidsløse viktige møteplasser for de som var uten arbeid. På slike møteplasser utviklet det seg ofte et sosialt miljø som motvirket resignasjon og oppgitthet. Her kunne en drøfte felles problemer og oppleve solidaritet.

(Foto: Arbeiderbevegelsens Arkiv og Bibliotek Oslo)

1932 – 34 dreiv dei arbeidslause der gjennom foreininga si eit matvareutsal kor arbeidslause fekk kjøpe billegare enn i private butikkar. Ved å overta omsettinga sjølv, kunne dei senke prisane³⁴. I Oslo kunne dei arbeidslause i ein periode om vinteren få gratis middag eit visst antal dagar i veka på «Arbeidsløses Kafe» i Rødfyllgata. Kafeen vart dreven av foreininga til dei arbeidslause som samla inn pengar blant fagforeininga i byen til drifta. I 30-åra tok Samorganisasjonen over finansieringa. Arbeidslauseforeininga fekk og til eigne kinoframvisingar for dei arbeidslause. Og i 30-åra

heldt dei sommarstemne på Ekeberg. Barna til dei arbeidslause kunne gå på eigne juletrefestar og dra på eigne feriekoloniar. Dei foreningsaktive arbeidslause ser ut til å ha arbeidd mye med slike tiltak. I tillegg vart eit klagekontor oppretta. Dit kunne dei arbeidslause komme og ta opp vanskar dei hadde med bidrag, husleie eller fagforeiningsspørsmål. Kontoret vart flittig brukt.

30-åra var den mest aktive perioden for slikt arbeid i Oslo, har Arvid Johannessen funne ut. Han har følgt utviklinga i Oslo i heile mellomkrigstida og komme fram til at det gjekk føre seg ei ideologisk dreing av verksemda. I 30-åra vart mange av foreiningane splitta og styrte inn partibåsane til DNA og NKP. Johannessen meiner at DNA-foreininga la meir vekt på hjelpearbeid og mindre på utanomparlamentariske aksjonar enn den NKP-dominerte foreininga. DNA la meir vekt på at foreiningane skulle drive opplysningsarbeid og valkamp for partiet, hevdar han³⁵. Korleis kunne denne utviklinga mot indre strid og splitting gå føre seg? Det skal resten av drøftinga her prøve å gje eit svar på.

Men først skal det i samanheng med den konkrete foreningsverksemda nemnast at møta ikkje berre utforma krav og aksjonar. Ein av dei aktive i Sarpsborg har fortalt at medlemsmøta «... var jo ikke no' a'ent enn at vi kom sammen og snakkæ, vet du» (mi uthaving). Resolusjonane vart ofte utforma av styret og berre vedtekne på møta til dei arbeidslause³⁶. Det er mangelen på forsking omkring denne sida ved foreiningane som gjer at eg ikkje kan ta det opp meir grundig. I tida framover er det å håpe at meir blir sett inn på å undersøke organisert verksemde også frå denne sida. Mesteparten av organisasjonslivet har vorte bore oppe av trongen til å ha eit samlingspunkt kor ein kunne komme saman og snakke også om laust og fast. Det galtdt sjølv sagt i høgste grad dei arbeidslause som både sakna ein arbeidsplass å treffast på og hadde meir enn nok tid å ta av.

3. Dei arbeidslause og resten av arbeidarrørsla

Når dei første møta for arbeidslause i 20-åra vart kalla ihop av samorganisasjonar eller arbeidsparti, skulle det tyde på at den etablerte arbeidarrørsla hadde stor interesse av å få dei arbeidslause

organiserte. Ei så stor mengde arbeidslause på ein gong utgjorde ein fare for streikebryter i konfliktsituasjonar. For å hindre at arbeidslause vart freista til å gå fienden sitt ærend og by fram sitt arbeid under tariff, gjaldt det å knyte dei til fagrørska. Det var truleg for å førebygge slikt at streikekomiteen på Namsos under storstreiken i 1921 heldt særskilde massemøter for dei arbeidslause³⁷. Eit ønskeksempel på solidarisk handling sett frå fagrørska, må det ha vore da dei arbeidslause i Oslo under storstreiken vedtok å hjelpe til som streikevakter på bryggene³⁸.

Som følge av arbeidsløysa var medlemstapet stort for fagrørska. Dei arbeidslause måtte aktiviserast særskilt, viss ein skulle ha håp om å halde på dei som medlemmar.

Arbeidarrørska hadde slik fleire grunnar til å hjelpe dei arbeidslause med å opprette eigne foreiningar. Likevel såg ikkje fagforeningsleiarane alltid med like blide auge på desse nye foreiningane. Fleire forhold kan forklare dei gnissningane som etterkvart oppsto mellom fagrørska og arbeidslauseforeiningane. For det første kunne det ligge latente motsetningar mellom dei ulike *motiva* for organisering. Fagrørska ville først og fremst behalde dei arbeidslause som medlemmar og halde dei borte frå streikebryteri. Dei arbeidslause sjølv ville organisere seg for å kjempe fram eigne krav om arbeid eller underhald. I desse ulike måla med organiseringa kan det ha lege ulike meininger om korleis foreiningane skulle sjå ut og te seg.

Alt på ein landskonferanse for samorganisasjonar i 1921 kom det fram ulike syn på spørsmålet. Noen meinte det ikkje trondst eigne foreiningar for dei arbeidslause – parti og fagrørsle kunne ta seg av krava deira. Bak dette låg truleg frykta for at det skulle vekse fram foreiningar som fagrørska ikkje fekk innverknad på. Alle var likevel einige om at dei arbeidslause måtte aktiviserast på ein eller annan måte. Fleirtalet på konferansen gjekk inn for å stifta foreiningar – men da måtte dei knytast nært til samorganisasjonane³⁹.

Problemet med dei uorganiserte

Hovudstridsspørsmålet – som og berørte fagrørska sin *kontroll* med foreiningane – gjekk på korvidt berre fagorganiserte skulle kunne bli medlemmar, eller om uorganiserte og skulle få slutte seg til. For leiarane i fagrørska var det viktig å halde på dei som var

medlemmar. Folk som ikkje hadde stødd fagrørsla da dei hadde arbeid, burde heller ikkje sleppast til når dei vart arbeidslause. Det ville undergrave organisasjonen, meinte mange. På den andre sida var det kanskje farleg å halde dei uorganiserte utanfor. Det kunne provosere dei til å fjerne seg enno meir frå fagrørsla. Dessutan var det truleg dei same som ikkje hadde vore organiserte – og vorte organisasjonsbevisste – som no når dei vart utan arbeid, hadde lettast for å ta seg jobb utan tanke på om lønna var under tariff eller om arbeidsplassen var i konflikt.

I 20-åra var standpunktet til fagrørsla at berre fagorganiserte skulle få bli medlemmar av arbeidslauseforeiningane. Eit fellesmøte i 1922 av LO-sekretariatet, sentralstyret i DNA og leiinga for arbeidslauerørsla i Oslo slo fast at Samorganisasjonen på kvar stad skulle ta seg av organiseringa av *dei fagorganiserte* arbeidslause i foreiningar. LO-leiinga var truleg redd foreiningane skulle utvikle seg som i Sverige, der dei hadde vorte særorganisasjonar som sto fullstendig utanfor fagrørsla si styring⁴⁰. Kampen mot arbeidsløysa skulle førast *i og av* den etablerte arbeidarrørsla.

Dette synet møtte fort motstand frå arbeidslause. Frå Bergen, Oslo og andre stader kom det krav om at foreiningane måtte bli åpne for *alle* arbeidslause⁴¹. Det ser ut til at ein del lokale arbeidslauseforeiningar utanfor hovudstaden også *praktiserte* åpent medlemsskap. Lovene til foreininga på Røros sa klårt frå at alle arbeidslause skulle få bli med⁴². I Fredrikstad ordna ein det sånn at dei som ikkje før var fagorganiserte, automatisk fekk medlemsbok i LO når dei melde seg inn i foreininga til dei arbeidslause⁴³.

Det nemnde fellesmøtet i 1922 som slo fast kravet om LO-medlemsskap, uttalte også at arbeidslauseforeiningane i samarbeid med Samorganisasjonen skulle kalle inn *alle* arbeidslause – både uorganiserte og organiserte – til *massemøter*⁴⁴. Massemøta var meint som åpnare fora enn foreningsmøta. I praksis vart det nok desse massemøta som kom til å spele ei rolle når det skulle stillast krav eller aksjonerast. Det var her den utadretta verksemda gjekk føre seg. Det ser ein berre ut frå den plass massemøta fekk i avisene – det var kort sagt dei ein hørte om.

Rørsla av arbeidslause vart altså *i praksis* meir ei åpen *massemørsle* enn ei stramt oppbygd medlemsrørsle. Striden om medlemsvilkåra var nok viktig for dei som meinte at berre foreiningar for

alle arbeidslause ville ha styrke til å kjempe mot krisa. Men for den praksisen dei arbeidslause kom til å føre, fekk spørsmålet neppe store konsekvensar.

Ville ein uorganisert arbeidslaus aktivisere seg, tok han nok del i både massemøter og demonstrasjonar – og kan hende fekk han dei fleste stadene bli medlem i foreininga og, sånn som på Røros. Dessutan var det truleg mindre sjanse for at ein som ikkje før hadde stått i ei fagforening no plutseleg ville aktivisere seg når han vart arbeidslaus. Nærare undersøkingar ville truleg ha vist at dei fleste aktive på møta for arbeidslause også hadde vore aktivt med i fagforeininga. Det kan ein gå ut frå var tilfelle også der medlemsvilkåra var som på Røros.

Ei oppmjuking av medlemsvilkåra kunne nok likevel ha hatt litt å seie for nyrekuttertinga til arbeidarrørsla – særleg av ungdom som verken hadde hatt arbeid eller vore organiserte før. Og desse vart det stadig fleire av utover i mellomkrigstida. Ettersom den arbeidsløysa som hadde si årsak i befolkningssamansettinga, vart viktigare i forhold til konjunkturarbeidsløysa, kom ungdomskulla til å utgjere ein aukande del av dei arbeidslause. Heile 63 % av dei arbeidslause i 1933 hadde aldri vore organiserte⁴⁵. Presset på fagrørsla for å sleppe dei uorganiserte til i arbeidslauseforeiningane auka som følge av dette. I slutten av 20-åra begynte også LO-leiinga å sjå det som eit problem. I eit sirkulære i 1928 oppmoda LO-sekretariatet samorganisasjonane til å halde spesielle møter for arbeidslaus ungdom. Skrivet rådde og til å danne eigne arbeidslauseforeiningar for dei unge. AUF fekk i oppgåve å organisere den arbeidslause ungdommen i eigne foreiningar. Her skulle uorganiserte også knytast til arbeidarrørsla. På DNA-landsmøtet i 1927 hadde fleire AUF-arar orda frampå om ei slik organisering, og same året hadde Oslo AUF stifta ei foreining for ungdom utan arbeid. Dette var både den første spiren til ei *partipolitisk* organisering av dei arbeidslause og ei *åpning* av foreiningane for uorganiserte også på *offisielt* plan⁴⁶. Dette nye var det som kom til å skilje organiseringa i 30-åra frå 20-åra.

Strid og splitting

Utviklinga mot organisering i partiforeiningar i 30-åra hang saman med den forma partistriden mellom DNA og NKP fekk. Om ikkje

striden om medlemsvilkåra fekk avgjerande verknad på den praktiske aktiviteten, vart spørsmålet likevel viktig fordi NKP og DNA tok kvart sitt standpunkt. Heilt frå starten av støtta NKP kravet om åpne foreiningar, mens DNA sto for det offisielle LO-synet. På fagkongressane i 1925 og 1927 streid NKP-arane for å endre fagrørsla sin politikk overfor arbeidslauseforeiningane. Det betyr ikkje at NKP ville ha ei organisering av dei arbeidslause på sida av fagrørsla. Dei ville og knyte foreiningane til Samorganisasjonen. Det striden sto om, var om dei uorganiserte skulle sleppast til⁴⁷. Dette var *eitt* av dei spørsmåla som skulle bli viktige i fraksjonsstriden. Eit anna var spørsmålet om *samordning* av aktiviteten på landsbasis.

Tidleg i 20-åra kom det ønske frå fleire lokale arbeidslauseforeiningar om å skape ein landsomfattande organisasjon som kunne samordne dei arbeidslause sine handlingar. Det vart og foreslått å halde ein felles aksjonsdag for heile landet⁴⁸. Frå Fredrikstad kom det i 1921 framlegg om ein ekstraordinær fagkongress som skulle behandle krisa og vedta generalstreik. Dette forslaget vart og støtta av dei mest radikale som ville gjere opp med LO-leiinga etter nederlaget i storstreiken. Resultatet vart at representantskapet i LO avslo å kalle inn noen kongress før det ordinært skulle haldast ein i 1923. Dei frykta truleg at venstresida ville nytte ein slik kongress til politiske oppgjer med leiinga⁴⁹.

Ønsket om samordna organisering og aksjonar vart ytra fleire gonger⁵⁰. Men det vart ikkje følt opp med tiltak frå sentralt hold. I 1922 hadde DNA fått eit kriseprogram, og det ser mest ut som at ein rekna det parlamentariske arbeidet for dette programmet som viktigast i krisepolitikken. Som svar på kravet frå arbeidslause om ein landskonferanse, viste LO-leiinga til arbeidet med kriseprogrammet. Det vart ikkje sagt noe om korleis dei arbeidslause eventuelt kunne verke inn på krisepolitikken, så det er truleg at ein såg krisepolitikken mest som ei parlamentarisk oppgåve. I alle fall vart det ikkje gjort noe synleg frå sentralt hold for å mobilisere dei arbeidslause til utanomparlamentarisk handling på landsplan. Den indre striden i arbeidarrørsla og usemja om organisasjonsprinsippa var nok viktige hindringar for ei landsomfattande samordning av aktiviteten som mange arbeidslause hadde ønska seg. I same lei kan det ha verka at ein del sentrale arbeidarpolitikarar var mindre ak-

sjonsorienterte og meir parlamentarikarar enn ein kanskje skulle tru i ei tid full av revolusjonære parolar⁵¹. Det galdt særleg Scheflotretninga, som vart til NKP. Det var t.d. dei som satsa ivrigast på kriseprogrammet.

NKP satsa seinare sterkt på å mobilisere foreiningane til dei arbeidslause i opposisjon mot LO-leiinga og DNA. Seint i 20-åra kunne dei og vise til at dei støtta kravet om landsomfattande organisering. I 1927 danna NKP eit «arbeidsløses landsforbund». Dette forbundet må sjåast som ein del av det taktiske strevet til NKP med å organisere eit alternativ til samlinga av DNA og sosialdemokratane i 1927⁵². Slik vart dei arbeidslause trekt inn i fraksjonskampane.

Avblåsinga av den såkalte Nullmeyer-aksjonen vart møtt med sterke kritikk frå NKP og arbeidslauseforeininga i Oslo. Denne saka resulterte i at Samorganisasjonen i Oslo stramma inn kontrollen med foreininga. Det vart gjennomført ei omorganisering slik at eit arbeidsutval skulle leie arbeidet. Der skulle Samorganisasjonen og fagforeiningane ha kontrollen. Dette arbeidsutvalet skulle behandle forslag før dei vart sett fram på møta og godkjenne resolusjonar og deputasjonar som dei arbeidslause vedtok å sende til kommunestyra. På denne måten fekk medlemmane mindre råderett over arbeidslauseforeininga⁵³.

I 30-åra vart arbeidslauerørsla splitta og utvikla til reine partiforeiningar. Det kom nok mest som eit resultat av fraksjonskampane mellom NKP og DNA. Partitaktikk for å vinne dei arbeidslause til seg var truleg minst like viktig som dei saklege motsetningane vi har vore inne på. Frå 1925 trappa NKP opp arbeidet i arbeidslauseforeiningane⁵⁴. Debatten om Nullmeyer-aksjonen må og sjåast i den samanhengen. I slutten av 20-åra skjerpa Komintern venstre-kursen sin og kommunistpartia fekk i oppgåve å bekjempe sosialdemokratane som sin verste fiende. På ein konferanse i den Rauden Faglege Internasjonale i Strasbourg i 1929 vart den nye lina befesta. Sosialdemokratane var «sosial-fascistar» og skulle bekjempast. Det var truleg som del av denne nye taktikken at NKP tok initiativ til eit landsforbund for arbeidslause. I 1930 tok denne organisasjonen del i ein fagleg opposisjonskonferanse NKP hadde teke initiativet til. Resultatet vart at Samorganisasjonen i Oslo braut med arbeidslauseforeininga. Same året gjekk foreininga til dei arbeidslau-

se i Oslo i NKP sitt 1. mai-tog. Arbeidarpartifolka i foreininga var i mindretal, og i 1931 melde dei seg ut og stifta ei ny foreining som dei kalte «Arbeidsløses forening av DNA». I denne foreininga måtte medlemmane erklære seg einige i DNA sitt grunnsyn. På same måten vart arbeidslauseforeiningar også andre stader splitta.

Brotet i Oslo skjedde på ei tid da det var få aktive i foreininga⁵⁵. Da 30-årskrisia slo ut for fullt og aktiviteten steig, måtte dei arbeidslause fleire stader velje mellom ei DNA-foreining eller ei NKP-dominert foreining. Kan hende vart mange av den grunn passive.

Strategien til NKP var å mobilisere dei arbeidslause – kanskje særleg dei uorganiserte – mot DNA og LO-leiinga. Forbillet var kommunistpartiet i Tyskland som hadde klart å få med seg store massar av arbeidslause. KPD vart så og seie eit parti av arbeidslause på denne tida⁵⁶. Jamfört med satsinga på dei arbeidslause hadde ikkje NKP same suksessen. I 1927 var andelen arbeidslause i NKP berre 15 % (25 % av LO-medlemmane var da utan arbeid). Mye tyder likevel på at arbeidslause ungdommar hadde lett for å slutte seg til NKP. Over halvparten av NKU-medlemmane var arbeidslause ungdomar i 1929⁵⁷.

Den oppslutninga NKP kan ha hatt frå arbeidslause forsvann like fort som partiet skrumpa inn til ei sekt utover i 30-åra. Johannessen meiner at ein aukande organisasjonsaktivitet i 1932 – 34 tyder på ein viss framgang akkurat da, men det er vanskeleg å bellege det kvantitatativt. Johannessen slår og fast at det var DNA-foreininga som vaks seg størst i Oslo i 30-åra. Ho hadde over 2000 medlemmar i 1934, mens den NKP-dominerte foreininga hadde berre omtrent 100. Den same utviklinga av styrkeforholdet finn ein andre stader⁵⁸.

Også DNA-foreininga vart åpna for uorganiserte i 30-åra. LO-leiinga gjekk og inn for det no. Grunnen var at gruppa av arbeidslaus ungdom hadde vokse så kraftig. Dessutan stilte dei nye organisasjonsvilkåra krav til medlemmane om partiloyalitet til DNA. Derfor frykta ein ikkje som før uønska element i medlemsmassen⁵⁹. Ved innmelding i foreininga måtte medlemmane nemleg skrive under på at dei anerkjende DNA sitt «grunnsyn og organisasjonslinjer» og at dei var loyale mot fagrørsla. Dette nye prinsippet gjekk ikkje smertefritt gjennom verken i DNA eller LO. På fagkongressen i 1934 samla eit forslag frå Telemark/Skiensfjorden

Samorganisasjon om å sløyfe partikravet 129 stemmer. Fleirtalet som ville oppretthalde kravet, var ikkje større enn 162. Mange arbeidarpartifolk må altså ha støtta opposisjonsframlegget⁶⁰.

Når DNA og LO no i 30-åra så sterkt gjekk inn for partiloyale arbeidslauseforeiningar, kan forklaringa på det vere at den forsterka satsinga på parlamentarisk krisepolitikk og regjeringsmakt skapte behov for foreiningar som ville drive valkamp og samstundes lot vere å kritisere den politikken partiet førte i ansvarlege posisjonar. Det vart og sett som særleg viktig no å samle arbeidarklassen – både dei med og utan arbeid. Fleire spirer til interesseomsetningar eksisterte mellom dei arbeidslause og dei med arbeid. Desse kunne bli farlege for DNA anten det var fascistar eller kommunistar som prøvde å mobilisere dei arbeidslause. Arbeidarpartiet frykta altså både ein indre og ein ytre fiende. Ei partiloyal arbeidslauerørsle kunne sjåast som eit bolverk mot begge desse farene og som ei nyttig støtte for DNA-politikken i kommunestyre, storting og snart i regjeringsposisjon⁶¹.

NKP-arane fortsette å stri for ein alternativ arbeidslauseorganisasjon uavhengig av DNA, men med minkande hell. Oppslutninga skrumpa inn. Som ein del av den nye folkefrontpolitikken etter 1935 vart opposisjonsarbeidet dempa ned. DNA var plutseleg ikkje «sosial-fascistisk» lenger, men ein partnar kommunistar kunne forhandle med om samling. Som ledd i denne omsnunaden gjekk NKP-arane med på å melde seg inn i arbeidslauseforeiningane til DNA. Dei skreiv under på loyalitetserklæringane til DNA (!) – det kunne dei gjere utan å bli medlemmar av DNA eller å gi opp medlemsskapen i NKP. DNA og LO-leiinga godtok dette⁶². Kommunistane var ikkje på langt nær noen tallmessig fare for sosialdemokratiet lenger. Derfor kunne dei sleppast til.

Samling – men enno motsetningar

I og med veksten i DNA-foreiningane og NKP sin omsnunad til samarbeidspolitikk kan vi seie at arbeidslauerørsla på ein måte kom over splittinga etter ei tid. Men det betyr ikkje at alle problema var løyste. Enno reiste arbeidsløysa spørsmål som fagrørsla og dei arbeidslause såg ulikt på. Striden om fagrørsla si såkalte *monopolisering* av arbeidet tok ei stund hardt på forholdet mellom dei ar-

beidslause og fagrørsla. Ein del fagforeiningar ville innføre eit prinsipp på sine arbeidsplassar om at berre fagorganiserte skulle få det arbeidet som vart ledig. For dei arbeidslause må sånt ha vorte følt som eit slags laugsvesen kor dei som hadde komme inn i eit yrke bestemte kven som skulle rekrutterast. Det første lett til at berre folk som før hadde hatt arbeid og vore organiserte, fekk jobb.

I 1934 vart dette endra av LO-kongressen som slo fast at dei som hadde stått i ei arbeidslauseforeining skulle få arbeid på lik line med dei fagorganiserte. Da hadde også foreiningane forlengst vorte åpna for alle arbeidslause, så monopoliseringa vart no borte. På denne fagkongressen vart arbeidslauseforeiningane for første gong godtekne som delar av LO på lik line med fagforeiningane⁶³. Både denne godkjenninga og opphevinga av monopoliseringa små sjåast i samanheng med at ein i 30-åra var særleg redd ei splitting av arbeidarklassen.

Rasjonering av det arbeidet som fantes, så fleire fekk litt, var ei anna sak som skulle vekke strid. Heilt frå 1920 hadde ein diskutert det spørsmålet i arbeidarrørsla utan at noe felles syn hadde festa seg. Når kommunane prøvde å *spare* på løvvingane til arbeid ved å rasjonere det, hende det at det vekte protestar. Viss det derimot vart fordelt mellom dei arbeidslause etter behovsprøving for at dei med størst forsørgingsbyrde skulle få først, var det meir i samsvar med dei arbeidslause sine ønsker. Det hende og at dei arbeidslause sjølv foreslo slik fordeling.

Dei som hadde arbeid mislikte truleg å måtte dele på det med dei arbeidslause. Krisa og nøden skulle bekjempast – ikkje fordelast i arbeidarklassen! Dei som heldt mest prinsippfast på det, ville sette som vilkår for å dele på arbeidet at lønna var kompensert. Ein kunne godt arbeide kortare dagar om ein slapp å gå ned i lønn. I 1922 kravde arbeidarane ved Fredrikstad Mekaniske Verkstad 6 timars arbeidsdag utan redusert daglønn – og «Nøds- og arbeidsløses forening» i byen støtta kravet. Dette var naturlegvis for dryg kost for dei fleste så få år etter at 8-timarsdagen var kjempa igjennom – og nesten 60 år før kravet på ny vart diskutert i seriøse ordelag⁶⁴. Som regel godtok arbeidarrørsla at bedrifter tok initiativ til å fordele det arbeidet dei hadde *utan* at lønna vart kompensert. Dei fleste såg det som solidaritetshandling å dele på byrdene under krisa⁶⁵. Men det er klart at arbeidslause og folk i arbeid såg

ulikt på dette. Dei arbeidslause i Oslo kravde i 30-åra rasjonering utan kompensasjon i lønn, mens Samorganisasjonen avviste kravet⁶⁶.

Spørsmålet om monopoliseringa og rasjoneringa av arbeidet bar i seg spirer til motsetningar. Men fagrørsla fekk slutt på monopoliseringa, og rasjoneringa av arbeidet vart i praksis akseptert der det ikkje vart gjennomført på for urimeleg måte. Derfor førte ikkje desse motsetningane til nye splittingar.

Sjølv om slike reelle interesseomsetningar nok rørte ved striden mellom NKP og DNA om arbeidslauseorganiseringa, var splittinga av ein del foreiningar rundt 1930 truleg mest resultat av partitakk på topplanet. Til tross for at det eksisterte motsetningar mellom medlemmane om handlemåtar og organisasjonsvilkår, ser det ut til at det lokalt var meir som heldt dei foreningsaktive arbeidslause saman enn som splitta. Svein Syversen har t.d. funne at det ikkje først og fremst var viktige lokale motsetningar i sak som førte til splittinga i Sarpsborg, det var sentrale direktiv som avgjorde. I 1934 danna dei to foreiningane der «felleskomiteen for arbeidsledige». Men samarbeidet stranda etter kort tid på grunn av den skjerpa striden mellom DNA og NKP sentralt⁶⁷.

Det kunne vere nærliggande å tolke forskjellen mellom DNA og NKP sine haldningar til arbeidslauerørsla som resultat av at NKP var i opposisjon mens DNA etter kvart fekk makt og ansvar i stat og kommunar. Derfor ønska dei kanskje ulik aktivitet av dei arbeidslause. DNA trong støtte for sin krisepolitikk i parlamentariske fora mens NKP kunne agitere for aksjonspolitikk. For arbeidarpartifolk i ansvarlege posisjonar kunne kanskje krav og kritikk frå arbeidslause verke irriterande. Da kunne det vere godt å ha partiloyale arbeidslauseforeiningar å støtte seg til⁶⁸. Det er likevel lite truleg at dette forklarer splittingane som oppsto fullt ut. Da skulle striden ha vorte verkeleg hard etter 1935 da DNA fekk regjeringsmakta å ta vare på. Men det var nettopp da at splittingane vart overvunne.

Det er heller ikkje mye som tyder på at splittingane gav seg utslag i særleg ulik praksis lokalt. Enno er lite gjort for å finne ut om det. Men skal ein dømme etter aktiviteten tidleg i 20-åra var ikkje skillelinjene så klåre i praksis som ein skulle tru. I Odda, kor NKP vart dominerande etter 1923, dreiv foreininga i 1921 berre med innsamlingsarbeid. På den andre sida kan ein merke seg at det var

netttopp frå Fredrikstad – ein av det sosialdemokratiske partiet sine bastionar – at kravet om generalstreik og ekstraordinær fagkongress kom i 1921. Det er mye truleg at liknande samanlikningar frå seinare i mellomkrigstida også ville vist at skiljet i praksis var meir nyansert enn ein kunne vente ut frå offisiell *partitale*.

Sarpsborg-eksemplet tyder på at splittingane vart følte som noe som kom utanfrå og sette folk som elles sto for det same, opp mot kvarandre. Og kjem ein lenger frå sentrum, er det enda tydelegare at splittingane ikkje hadde så sterk grobotn på grunnplanet. På Røros vart det t.d. ikkje oppretta rivaliserande arbeidslauseforeiningar på tross av splitting i den politiske arbeiderrørsla⁶⁹. Dette er teikn på at det lokalt eksisterte eit grunnleggande fellesskap som av og til trossa fraksjonskampane og hindra splid. Vi har og sett døme på at ein lokalt omgjekk dei sentrale krava om at berre organiserte skulle få bli medlemmar.

4. Konklusjon

Foreningsverksemnda til dei arbeidslause tok i høg grad form etter utviklinga av den økonomiske krisa, dei arbeidslause sin situasjon og utviklinga av den politiske arbeidarrørsla.

Den varierande krisa i 20-åra må tolkast som hovedårsaka til den ustabile starten mange foreiningar fekk. I 30-åra vart krisa meir permanent. I tillegg til dette var interessa til sentrale arbeidar-politikarar for dei arbeidslause større i 30-åra enn i 20-åra. Dette gjorde at organiseringa vart fastare og nærare knytt til den etablerte arbeidarrørsla. Om det dermed gjekk føre seg ei endring i den *konkrete* aktiviteten lokalt, veit ein enno for lite til å slå fast. Truleg var forskjellene større i språkbruk enn handling.

I den tidlege fasen er det rimeleg å seie at organiseringa gjekk føre seg etter eit masseprinsipp. Først i 30-åra vart medlemsvilkåra stramma til med utviklinga av parteforeiningar. Denne utviklinga var eit resultat av dei sentrale fraksjonskampane.

Sjølv om det vart aksjonert ein del, kan ikkje det seiast å ha prega verksemda. Det vart laga fleire resolusjonar enn aksjonar. Aksjonsviljen var til stades og førte i visse situasjonar til spontan handling. Men den defaitismen som følgjer med det å gå utan ar-

beid, og den svært lite handlingsgunstige plassen dei arbeidslause hadde i arbeidsmarknaden, la nok ein viktig dempar på det meste av aktiviteten deira.

Notar

- 1 *Nordlys*, 18.2. 1920 og *Arbeidets Ret*, 26.1. 1920
- 2 Jon Kirkbakk, «*Arbeidsløse! Frem for demonstration for vor ret til at leve*». *Arbeidsløshet i Rørosdistriktet i mellomkrigstida*, Hovudoppg., Trondheim 1982, s. 160 f.
- 3 Samorginitiativ: Odda, Porsgrunn, Sandefjord, Kristiansund, Hamar, Bergen, Kristiania
Fagforenings- eller partiinitiativ: Tromsø, Bangsund, Glemmen i Østfold, Valsøyfjord på Nord-Møre
Sjå Ingmar Kaldal, *Krisepolitikk og ideologi. Reaksjoner i arbeiderbevegelsen på krisa fra 1920*. Hovudoppgave, Trondheim 1981, s. 59 f
- 4 *Tidens Krav*, 28.1. og 23.4. 1921
- 5 Arvid Johannessen, *Om forholdet mellom de arbeidsløse og fagorganisasjonen i mellomkrigstiden, belyst gjennom organiseringen av de arbeidsløse i Oslo*, Hovudoppg. Oslo 1975, m.a. s. 33 ff.
- 6 Svein Syversen, *Arbeidermiljø rundt Borregaard i mellomkrigstida*, Hovudoppgåve Trondheim 1980, s. 175
- 7 *Folkets Dagblad*, 18. og 29.1. og 22.3. 1921 og *Telemark Arbeiderblad*, 15.2. 1922
- 8 *Tidens Krav*, 19.11. 1921 og 16.1.1923
- 9 *Hardanger Social-Demokrat*, 29.1., 9.4., 4.6. og 26.11. 1921; Lars Odland, *Odda Arbeiderforening 1906 – 56*, Odda 1956, s. 15 og Harriet Clayhills, *Kjerringen mot strømmen. Arbeiderhusmødrenes organisering og kamp i 20- og 30-åra*, Oslo 1978, s. 110
- 10 *Hardanger Social-Demokrat*, 26.11. 1921 og *Tidens Krav*, 16.1. 1923
- 11 Syversen, op.cit., s. 177 ff.
- 12 Kirkbakk, op.cit., s. 162 og Kaldal, op.cit., s. 64
- 13 Kirkbakk, op.cit., s. 161
- 14 Syversen, op.cit., s. 175
- 15 Kirkbakk, op.cit., s. 94, 106 f. og 163 – 166 og Kaldal, op.cit., 101 – 108
- 16 Inge Scheflo, *Olav Scheflo som politiker og menneske*, Oslo 1975, s. 15
- 17 Kirkbakk, op.cit., s. 169 og 173
- 18 *Demokraten*, 20.12. 1921 og *Social-Demokraten*, 2.3. 1923
- 19 *Social-Demokraten*, 15.3. 1921
- 20 *Folkets Dagblad*, 26.1. 1921
- 21 *Tidens Krav*, 23. og 24.4. 1921
- 22 *Smaalenenes Social-Demokrat*, 9. og 10.3. 1921 og 24. og 25.4. 1921
- 23 *Tidens Krav*, 16. og 17.1. 1923
- 24 Sjå Edvard Bull, *Klassekamp og fellesskap*, Oslo 1978 (Bd. 13 i Norges Historie), s. 126 om såkalte «trekk-frisk-luft»-aksjonar under jarnstreiken i 1924. Sjå også Kaldal, op.cit., s. 85
- 25 Kirkbakk, op.cit., s. 166 og *Tidens Krav*, 25.4. 1921
- 26 *Folkets Dagblad*, 4. og 24.2., 2.5. og 27.7. 1921; *Smaalenenes Social-Demokrat*, 11.2. 1921 og *Tidens Krav*, 26.1. 1923

- 27 *Social-Demokraten*, 8.9. 1921
28 *Social-Demokraten*, 6.9. 1921 og *Arbeidets Ret*, 9.9. 1921
29 Kaldal, op.cit., s. 86
30 Johannessen, op.cit., s. 44
31 T.d. *Social-Demokraten*, 9.12. 1921; *Fagblad for matros- og syrbøterunionen*, mars 1921; *Demokraten*, 10.2. 1922; *Telemark Arbeiderblad*, 27.2. 1922; *Smaalenenes Social-Demokrat*, 23.8. 1921
32 *Hardanger Social-Demokrat*, 9.4., 4.6., 26.11. 1921
33 Odland, op.cit., s. 15
34 Syversen, op.cit., s. 183
35 Johannessen, op.cit., s. 55, 116 ff., 122 og 177
36 Syversen, op.cit., s. 181
37 *Namdal Social-Demokrat*, 15.6. 1921
38 *Social-Demokraten*, 26.5. 1921
39 *Protokoll fra Samorganisasjonenes Landskonferanse i november 1921*, s. 36 ff.
40 Johannessen, op.cit., s. 34 f. og 42
41 Ibid. s. 39 ff.
42 Kirkbakk, op.cit., s. 161
43 *Smaalenenes Social-Demokrat*, 16.1. 1922
44 *Social-Demokraten*, 20.5. 1922
45 Johannessen, op.cit., s. 19
46 Ibid., s. 61 ff.
47 Ibid., s. 132 f og 54 f.
48 Ibid., s. 34
49 Synnøve Aarseth Barder, «Storstreiken i 1921», i: *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie*, nr. 1, 1977, s. 67
Kaldal, op.cit., s. 75
50 *Telemark Arbeiderblad*, 31.3. 1922; *Arbeidets Ret*, 3. og 6.2. 1922; *Hardanger Social-Demokrat*, 4.3. 1922
51 Kaldal, op.cit., s. 75 ff.
52 Johannessen, op.cit., s. 59
53 Ibid., s. 46 ff.
54 Ibid., s. 47
55 Ibid., s. 69 – 86
56 Knut Ågotnes, «KPD, arbeiderklassa og fascismen», i: *Vardøger*, nr. 10, 1979, s. 180
57 Einhart Lorenz, *Norwegische Arbeiterbewegung und Kommunistische Internationale 1919 – 1930*, Oslo 1978, s. 366
58 Johannessen, op.cit., s. 97 ff. og s. 158 ff., og Syversen, op.cit., s. 180
59 Johannessen, op.cit., s. 64
60 Ibid., s. 147
61 Desse vurderingane vert støtta av Johannessen, op.cit., s. 153 ff.
62 Ibid., s. 148 og 165 ff.
63 Ibid., s. 86, 118, 128, 136
64 *Smaalenenes Social-Demokrat*, 9. og 16.12. 1922
65 Syversen, op.cit., s. 96; Bull, op.cit., s. 102
66 Johannessen, op.cit., s. 113
67 Syversen, op.cit., s. 180 f.
68 Johannessen, op.cit., s. 170 ff.
69 Kirkbakk, op.cit., s. 163

Appendiks

Som det går fram av artikkelen ovanfor, er forskinga omkring foreningsverksemda til dei arbeidslause enno mangefull. Det gjeld særleg 30-åra. For å bøte på dette, har Arbeiderbevegelsens Arkiv i Oslo sagt seg villig til å stå for innsamling av opplysningar folk måtte sitte inne med om desse foreiningane. Folk som veit eit eller anna om lokale foreiningar, når dei eksisterte, korleis dei var organiserte, kva dei dreiv med osb., *blir med dette oppmoda* til å sende opplysningane til

Arbeiderbevegelsens Arkiv,
Folkets Hus,
Youngsgt. 11 C,
Oslo 1.

Arkivet er interessert i både skriftleg materiale som måtte vere att etter foreningsverksemda og nedskrivne minner frå folk som var med eller på ein eller annan måte hugsar noe om verksemda.

Her skal berre presenterast ein førebels oversikt over foreiningar og møteverksemnd som bygger på litteraturen i noteapparatet ovanför. På dei plassane på kartet som er merkte av med *tall* var det i kortare eller lengre periodar organiserte foreiningar. Der det står *bokstavar* er det funne teikn på møter eller aksjonar utan at ein veit om det sto organiserte foreiningar bak.

